

3 Drama viser barne- og ungdomsteater

I neste veke (veke 11) vil elevar i 3 Drama vise to ulike teaterstykker: *Det fjerde bud* og *Jenta i treet*. Dette er to produksjonar som dei 11 elevane har jobba med sidan januar.

Det fjerde bud blir vist i Blackbox og det er skriva av Michael Ramlöse. Temaet i stykket er oppvekst og oppdraging. Vi får sjå ulike bilete og situasjonar frå barndommen der vi blir vitne til korleis ein oppvekst kan arte seg. Vi ser at ei dårleg oppdraging og omsorgssvikt kan forplante seg i neste generasjon.

Det fjerde bud blir vist på følgjande tidspunkt:

Tysdag 13. mars kl. 12.00: for elevar og lærarar på Firda

Tysdag 13. mars kl. 19.00: opa framsyning, bill. kr 40,-

Onsdag 14. mars kl. 12.30: for 9. klassingar i Nordfjord og klasser ved Firda

Det andre stykket som blir vist er "*Jenta i treet*" av Staffan Göthe.

Stykket eignar seg godt for born og unge frå 10 og opp over. Det skal og seiast at vaksne får seg ein god latter om dei tek turen til foajeen i Aulaen tysdag klokka 19.00. Denne framsyninga handlar om ei jente som klatrar opp i eit tre og blir sitjande der resten av sommarferien. Dagane hennar går med til å studere kva som skjer nede på vegen under treet og det skal vi sei dykk; det er ikkje berre blåbær! Alt frå galne mødre, tøffe gitarar med mobiltelefonar, ein hoggorm, ei stygg hue og nokre ville mannfolk med pistol. Kort og godt vil det sei at det skjer hendingar frå den villaste fantasi til den harde kvardag. Skal jenta i treet involvere seg og gjere noko for å hindre galskapen ho er vitne til? Eller skal ho berre sitte stille og spionere. Jenta blir etter kvart lei av treet og byrjar å sakne det verkelege livet under treet.

Jenta i treet blir vist på følgjande tidspunkt:

Tysdag 13 mars. kl. 10.00: for 6. og 7. klasse frå Sandane Barneskule

Tysdag 13. mars kl. 19.00: opa framsyning, bill. kr 40,-

Onsdag 14 mars. kl. 12.30: for 9. klassingar i Nordfjord og klasser ved Firda

Hjarteleg velkomen til begge teaterframsyningane!

NB! Tysdag 13. mars kl. 19.00 og onsdag 14. mars kl. 12.30 vil vi vise først *Jenta i treet* i foajeen og deretter *Det fjerde bud* i Blackbox.

Har du lyst til å ta med deg klassa di og sjå framsyningane, kan du gjere det onsdag 14. mars kl. 12.30 – 14.00. Meld deg på til Gunn Tone.

Helsing 3 drama og Gunn Tone